# Norddal Jarnarbeidsskule
# 1937-1948

av

Erling Berge



© Erling Berge 2021

## Forord

Etter initiativ frå Gerhard Berge vedtok Norddal Heradsstyre i 1936 å gje stønad til å starte ein jarnarbeidsskule i heradet. I perioden 1937 til 1948 vart det gjennomført 11 kurs ved Norddal Jarnarbeidsskule. Målet med kursa var å lære ungdom opp i smedkunst. Men ein tok også med støyping av metallgjenstandar og arbeid på bilmotorar saman med øving i teikning, både frihand og konstruksjonsteikning.

Underteikna vart for lenge sidan spurt om det finst nok meir informasjon om Norddal Jarnarbeidsskule. Der hadde eg lite å bidra med. Sjølv om det var far min, Gerhard Berge, som starta skulen og dreiv den, kan eg ikkje hugse han fortalt om den ein einaste gong. Mye av dette kan nok ha samanheng med at under oppveksten 1954-1961 var far jamt over borte, vekependlar, på anleggsarbeid av eitt eller anna slag. Det var han framleis da eg byrja på skulegang som kravde vekependling (1961-63) eller enno lengre periodar borte (frå 1963- ). Dei korte periodane vi begge var heime fekk meir nærliggande tema for samtale førsteprioritet.

Som pensjonist har eg fått tid til å tenkje igjennom dette saman med andre sider av oppveksten min. På verkstaden til far min fann vi eit gammalt arkiv som delvis var øydelagt av ein vasslekkasje, kanskje på 1950 eller -60 talet ein gong. Men ein god del var bevart både frå skulegongen hans på Voss og frå drifta av Jarnarbeidsskulen. Diverre var dei fleste av årsmeldingane som hadde vore sendt til skulestyret øydelagt. Det har heller ikkje vore råd å finne alle i arkivet etter Norddal kommune i det Inter-Kommunale Arkivet i Møre og Romsdal. Heldigvis finst det klassebilde frå alle kulla. Det eg har av informasjon om elevane på kursa er samla i notatet «Oversikt over elevane ved Norddal Jarnarbeidsskule 1937-1948». Det er lagt til som eit eige vedlegg til dette notatet.

I dette notatet skal eg freiste dokumentere korleis Jarnarbeidsskulen kom i gang og korleis den stoppa.

Erling Berge, november 2021

*Framsidebilete er eit eksempel på arbeid gjort av Gerhard Berge.*

# Innhald


Forord iii
Innhald iv

Innleiing 1
Oppvekst og utdanning for Gerhard Berge 3
Norddal Jarnarbeidsskule 3
Aktivitetar ved sida av drifta av Norddal Jarnarbeidsskule 10
Organisasjonsarbeid med utgangspunkt i Norddal Jarnarbeidsskule 13
Dokument det vert referert til 15
Referansar 17
Vedlegg:
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 19
**Forord** 20
**Innhald** 21
Talet på elevar 22
Lærarar 23
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1947-48 24
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1946-47 25
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1945-46 26
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1944-45 27
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1943-44 28
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1942-43 29
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1941-42 30
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1940-41 31
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1939-40 33
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1938-39 35
Elevar ved Norddal Jarnarbeidsskule 1937-38 36

# Norddal Jarnarbeidsskule 1937-1948

## Innleiing

Det første kullet ved Norddal Jarnarbeidsskule byrja 25. oktober 1937. Det siste kullet gjekk ut i april 1948. Då hadde 120 ungdommar[1] fått 20 eller 24 veker med undervisning og øving i smedkunst og mekanisk arbeid som dreiing og fresing av metall. Først og fremst var siktemålet med kurset smedkunst, men ein tok også med støyping av metallgjenstandar og arbeid på bilmotorar saman med øving i teikning, både frihand og konstruksjonsteikning (G. Berge 1936).

Det er ikkje mykje som har vore skrive om Norddal Jarnarbeidsskule[2]. Eit greitt oversyn finn vi i Ulstein (1978, 9) sitt jubileumsskrift for Borgund yrkesskole 1948-78. Han gir eit kort oversyn over forløparane til yrkesskulen i Borgund. Om Norddal Jarnarbeidsskule skriv han:

> «Dette var også ein reint privat skule som vart starta i 1936[3] av smedmeister Gerhard Berge, fødd i Eidsdal i 1911. Berge hadde god utdanning frå Statens husindustriskule i Haus og 2 års utdanning frå Norsk Kunsthandverksskule på Voss. Berge starta skulen som 25-åring i 1936. Frå sine eigne vanskar med å få utdanning visste han kor vanskeleg det var for landsungdom å få utdanning. Etter at Møre og Romsdal arbeidsskule var flytta til Romsdal, var det berre Møre Snekker- og Tegneskole i Borgund som gav praktisk opplæring på Sunnmøre. Då Berge starta skulen, var det berre i Romsdal ein kunne få utdanning i mekaniske fag. Det var dette Berge ville bøte på ved å starte skule i heimbygda. Berge sytte både for verkstadlokaler og utstyr. Han hadde jamvel eit lite internat ei tid. I mange år hadde skulen god søkning. Etter søknad fekk han staten til å yte midlar til lærarlønn, lys, brensel og reinhald av midlar Kyrkje- og Undervisningsdepartementet hadde til yrkesopplæringskurs. Elevane kom frå Nordland og Nord-Trøndelag i nord til synste Hordaland i sør og til Mjøastraktene i aust. Opplæringa var for det meste i reint mekanisk arbeid, i smiing og dreiing. Men Berge hadde kupolovn og formsand og dreiv med noko støyping i jern og aluminium. Rammene for formene laga han og elevane. Kursa varde frå 20 til 24 veker pr. år. Ved sida av skulen dreiv Berge sjåføropplæring. Til dette hadde han eiga lærevogn. Under krigen kom skulen i store pengevanskar. Likevel heldt Berge fram til krigen var over i von om at dei økonomiske tilhøva då skulle bli betre. Men i det stykket vart han vonbroten. Etter kvart vart vanskane for store, og i 1947[4] måtte han gi opp. Skulen hadde då vore i gong i 11 år.»

I Sunnmørsposten frå 9. april 1938 finn vi eit referat frå avslutningsfesten til første kurset. Artikkelen noterer at «alle (var) samde om at det var både mykje og gildt arbeid»

[1] Talet 120 er basert på oppteljing i klassebileta som vart laga. Der finn ein 126 elevar. Men 12 av dei har gått kurset 2 gonger. Dermed er det 120 ulike elevar. Ødegård (1976, 129) skriv følgjande: «I alt gjekk det 102 elevar på kursa, dei fleste frå Møre og Romsdal, men det kom også elevar frå Nord-Norge og frå Sørlandet.» Harald Jan Skarstein har i Storfjordnytt 22 desember 1994 eit intervju med Gerhard Berge om Norddal Jarnarbeidsskule. Han gjentar her at «Til saman gjekk det ut 102 elevar frå jarnarbeidsskulen, …». Ein kan undre seg om det i Ødegård sitt stykke er ein rein skrivefeil, 120 vart til 102, og at Skarstein hentar talet derifrå. Det er i alle høve klart at elevane som er identifisert på klassebilda summerer seg til 120. Sjå meir i vedlegg til dette notatet (E. Berge 2021).

[2] Ødegård (1976) har ein kort omtale i bind IV av Norddal Bygdebøker. I Storfjordnytt for 26. september 1991 (Relling 1991) og for 22. desember 1994 (Skarstein 1994) finn ein korte omtalar.

[3] I festskriftet står 1926. Det er opplagt feiltrykk.

[4] Siste kullet av elevar var ferdig i april 1948 og Berge slutta i lærarstillinga 1. juli 1948.

(Sunnmørsposten 1938). Artikkelen nytta følgjande bilde som illustrasjon av det kursdeltakarane hadde drive på med:



Berge gir ei kort oppsummering av målet med skulen i Konrad Nerheim sin oversikt over norsk industri (Nerheim 1941, 283). På side 283 finn vi

## Norddal Jarnarbeidsskule

**Ytredal**

*Målet* for og *Meininga* med denne skulen er å gjere serleg bondegutar tevleføre i ei tid då jarnet og naturkreftene i fellesskap driv storparten av det arbeidet som i eldre tid låg på sen og segar.

Skuletida er 24 veker i kvart kurs, med 44 timar i kvar veke, høveleg skift mellom praktisk øving og teoretisk opplæring. Or skuleplanen tar vi dette:

*Praksis:* 1. Arbeid av reidskap. 2. Kunstsmedarbeid. 3. Arbeid av eggjarn og herding. 4. Vøling, stell og bruk av maskiner og verkty. 5. Smiing av vandare ting. 6. Vanskelegare kunstsmedarbeid.

*Teori:* TEIKNING — 1. Frihands- 2. Konstruksjons- 3. Fagteikning.

*Bilkøyring:* Til teori og praksis i bilarbeid blir nytta omlag 70 t. Inkje skulepengar. Billegt opphald. Skriv etter plan.

*Gerhard Berge* (styrar).

Vi skal her leggje til at i kurset 1941-42 vart jernstøyping introdusert som nytt fag på kurset. Det vart rom for det etter at kurset i 39-40 hadde vorte utvida frå 20 til 24 veker

Nedanfor skal det leggjast til fleire detaljar om denne historia. Vi byrjar likevel med litt meir om bakgrunnen til Gerhard Berge.

## Oppvekst og utdanning for Gerhard Berge

Gerhard Berge vart fødd 6. april 1911 som den yngste av 4 søsken, to gutar og to jenter. Han døydde 16. mai 1996. Foreldra var Berte Jørgine Gregoriusdatter Indreeide (1876-1949) og Elling Gregoriussen Berge (1878-1951).

Vinteren 1929-30 var Gerhard Berge elev på metallavdelinga på Statens Husindustriskule i Haus utanfor Bergen. Frå 1. september 1933 til 30. juni 1935 var han elev på smedlinja ved Den Norske Kunsthandverksskulen på Voss. Kunsthandverksskulen vart starta av Magnus Dagestad i 1920 og i 1922 byrja Håkon Mathiesen som lærar på den nystarta smedlinja. Vitnemålet til Gerhard Berge, signert av Mathiesen, viser gode karakterar, nesten berre Mg og Mg+. I eit tillegg skriv Magnus Dagestad:

> «Hr. Gerhard Berge fraa Sunnmør, styrde elevstemna aat Kunsthandverksskulen Voss, den 23 juni 1935, framifraa greidt og skynsamt i alle maatar, og synte med same at han eigde god oratorisk givnad til og leida ei større folkemeingd. Hr. Berge fann alltid den beste form til og introdusera paa, og det lagelege ord for alle høve. Skulen og styraren takkar han her paa det beste for vel fyrebutt og godt arbeid.»[5]

Vinteren 1935-36 er Gerhard tilbake i Eidsdal. Han hadde fått utdanning slik skikken ofte var for ein ynge son på eit gardsbruk. Å bli smedmeister var nok ikkje typisk for slike som han. Så, kva var beste måten å bruke utdanninga på? I april 1936 fylte han 25 år. Men han synest å ha staka ut kursen for eiga framtid. Han ville vere med å utdanne bygdeungdom.

## Norddal Jarnarbeidsskule

Korleis han fekk ideen om å starte ein skule for utdanning av smedar og metallarbeidarar er vanskeleg å vite. I eit eige handskrive notat på 9 sider frå våren 1938 fortel Berge (G. Berge 1938) om korleis skulen kom i gang, frå første kontakt med ordførar Gerhard Grønningsæter våren 1936, til første kullet med elevar er uteksaminert i 1938. Han skriv

> *«Det var um Våren 1936 eg fyrst tok til å arbeide med tanken um Norddal Jarnarbeidsskule. Handverkupplæring var i desse dagar brennaktuelle spursmål, og eg vart fort yvertydd um at ein arbeidsskule for smie og mekanisk arbeid vilde lett finne livsrom. Etter å ha tenkt yver sakene ein del fann eg ut at eg vilde gå inn for tanken å oprette ein arbeidsskule berre for arbeid i jarn og metall.»*[6] (G. Berge 1938, 1).

[5] Arkivet etter Gerhard Berge vart langt på veg øydelagt på 1950-60 talet ein gong av ein lekkasje i taket på verkstadbygninga hans i Ytterdal (Bergheim). Mellom papira finn vi ein prolog han skreiv til dette elevstemnet 23. juni 1935. Sjølv om manuskriptet er delvis øydelagt, er hyllinga av skulen og Dagestad tydeleg. Kanskje er det erfaringane frå Kunsthandverkskulen som ligge bak ideen om å starte ein smedskule?

[6] Alternativet syntest vere trearbeid pluss metallarbeid.

I arkivet etter Norddal Kommune i det interkommunale arkivet for Møre og Romsdal (IKAMR) finn vi spor etter dette initiativet.

25. Januar 1936 får skulestyret eit brev frå Gerhard Berge der han ber om at skulestyret legg fram saka om ein arbeidsskule på budsjettmøtet[7]. Han la ved eit brev han hadde fått frå fylkesskulestyret datert 21. mars 1935 om mogelege offentlege løyvingar til ein slik skule[8]. Dette tyder på at han alt siste vinteren på Voss hadde idear om ein mogeleg skule i heimbygda.

Etter møtet i skulestyret 29. mars 1936 melder dei til formannskapet at dei finn tanken om ein jarnarbeidsskule verdfull og at den bør få den støtte som herad og fylke kan gi[9]. I møte våren 1936 i sak 62-36 i heradsstyret for Norddal drøftar dei eit framlegg frå Berge om å skipe ein jarnarbeidsskule i heradet. Grunnlaget for drøftinga er ei utgreiing med plan og budsjett frå Berge. Dei hadde vidare ei fråsegn frå Fylkesskulestyreformannen og skuledirektøren. Heradsstyret går inn for å opprette ein slik skule og vil gi ein viss økonomisk stønad. Skulestyret får i oppdrag å stå for vidare utgreiingar[10].

I brev til skulestyreformann, sokneprest J. R. Ofstad, datert 11. mai 1936, gjer Gerhard Berge framlegg om at han kan ta på seg å vere lærar på eit første kurs vinteren 1936-37 for kr 600 sidan han ikkje finn å kunne reise på ein planlagt skule i Oslo den vinteren. Den 15. juli 1936 søkjer Berge formelt stillinga som lærar for jarnarbeidsskulen. Og 28. august sender han inn ein trykt plan for skulen (G. Berge 1936). I planen vert skulen annonsert som «Praktisk og teoretisk arbeidsskule for upplæring i jarnarbeid.» Men kurset kjem ikkje i gang denne hausten. Det første kurset byrja hausten 1937.

I løpet av vinteren 36-37 og utover våren 37 er det mye kontakt mellom Berge og kommunale styresmakter, særleg skulestyret. Godkjenning av skulen av fylke og departement er sentralt, sameleis er finansieringa av skulen. I brev til Gerhard Berge frå Møre og Romsdal fylkesskulestyre datert 20. januar 1937 skriv fylkesskulestyreformann P. Syltebø litt om kva sjansar det er for økonomisk stønad frå fylke og stat. Han viser m.a. til eit framlegg til ny skulelov som enno ikkje er vedteken. Det er der ikkje innarbeidd noko om framhalds- og arbeidsskular etter det Syltebø kjenner til. Sosialdepartement har noko middel til stønad til arbeidslaus ungdom, men skrivaren trur det er vanskeleg å byggje på for ein meir langvarig skule[11]. I brev datert 25. januar 1937[12] med ovanfor nemnte brev som vedlegg ber Gerhard Berge om at det vert søkt om tilskot etter gamle reglar og han opplyser om at skulen kan leige lokale av Leonhard Kleiven[13].

I sak 42-37 i heradsstyret drøftar dei på nytt framlegget om ein jarnarbeidsskule etter eit nytt framlegg frå Gerhard Berge (datert 25/1). Framlegget får positiv omtale. Heradsstyret ønskjer

[7] 19360125 sak17 P7120369.pdf
[8] 19350321 P7140447.pdf
[9] Notatet frå Norddal skulestyre er datert 30 mars 1936 og gir dei sterk støtte til ideen om ein jarnarbeidsskule i Norddal. 19360330 Norddal skulestyre jnr83-36 20210714_112935.pdf
[10] 1936Sak62 20210714_130117+130105 framlegg om NJS.pdf
[11] 19370120 Jnr 17-37 20210714_113153-113201.pdf
[12] 19370125 Jnr 17-37 20210714_113134.pdf
[13] Namnet er vanlegvis oppgitt som Kleiva.

likevel eit meir konkret budsjettframlegg før dei vil gjere noko konkret vedtak[14]. I budsjettmøtet 23.-24. april i heradsstyret vert Elias Øien og Karl Linge vald til å konferere med Gerhard Berge om planen for jarnarbeidsskulen.

Den 5. august 1937 søkjer Berge på nytt stilling som lærar på kurset til Norddal Jarnarbeidsskule som skal haldast vinteren 37-38. I sak 93-37 gir heradsstyret garanti for eit lån på kr 2500,- til Gerhard Berge for innkjøp av maskiner og anna utstyr til jarnarbeidskulen[15].

I skriv til Kyrkje- og undervisningsdepartementet datert 8. oktober 1937 søkjer heradsstyret om vanleg rikstilskot til jarnarbeidsskulen. Det er budsjettert med kr 1580,- og heradsstyret har løyvt kr 600[16].

I skriv datert 7. september 1937 til Møre og Romsdal fylkesskulestyre melder Norddal skulestyre mellom anna at Gerhard Berge er tilsett som lærar ved den 20 veker lange jarnarbeidsskulen. Det blir bedt om at fylkesskulestyret hjelper til med å sikre rikstilskotet[17].

I skriv til formannen i Møre og Romsdal fylkesskulestyre datert 8. oktober ber Norddal skulestyre om godkjenning av, og rikstilskot til, 2 arbeidsskulekurs i Norddal for vinteren 37-38. Dette er særleg viktig for jarnarbeidsskulen som skal starte den 25. oktober. Skuletyret i Norddal får svar datert 30. november[18] der det er opplyst at arbeidsskulane (jarnarbeidsskule og vevkurs) er godkjent. Budsjetteringa er uklar, særleg leige av hus og utgifter til maskiner. Tilskot er basert på minimum 10 elevar.

Opplysningar om departementet si godkjenning av skule og budsjett vert sendt frå skulestyret til Lars L. Ytterdal og Tore Øygard som er valde som tilsyn for jarnarbeidsskulen 1937-38 [19].

Kurset vinteren 1937-38 som starta 25. oktober 1937 vart avslutta 2. april 1938 etter 20 veker. Søndag 3. april var det utstilling av elevarbeid og avslutningsfest. Sokneprest og skulestyreformann Ofstad held festtalen. I Sunnmørsposten den 9. april er det referat frå avslutningsfesten med foto frå elevarbeida (Sunnmørsposten 1938). Eit bilete brukt av Sunnmørsposten er vist i innleiinga ovanfor.

I ein av rapportane til skulestyret i 1938 låg det ved følgjande foto av elevarbeid på kurset 37-38[20]:

[14] 1937Sak42 20210714_123126-37.pdf
[15] 19371005 Sak93 20210714_131236 lån.pdf
[16] 19371008 jnr254-37 20210714_112911.pdf
[17] 19370907 jnr200-37 20210714_113419.pdf
[18] 19371130 jnr264-37 20210714_112844.pdf
[19] 19371203 jnr264-37(6A) 20210714_112736 Tore Øygard.pdf. Meldinga om dette frå fylkesskulestyret er datert 30. november. Prosessen med godkjenning av skulen er den same kvart år heilt til den vert lagt ned i 1948. Som regel kjem godkjenninga etter at kurset har starta.
[20] 1938 bilde 20210714_112721.jpg.



I arkivet finn vi ved sida av fleire bilete det som er vist nedanfor. Legg merke til lysekrona og stålampane. På eit anna bilete (ikkje vist) ser vi fleire eksemplar av den same typen lysekrone.



Lønnssystemet for arbeid som lærar er på denne tida (1937-48) svært ulikt det vi i dag er vane med. Som lærar ved ein arbeidsskule ligg grunnlønna litt over lønna til folkeskulelærarar. Men lønna er for kvar veke ein arbeider. I tillegg til grunnlønna operer ein med eit reguleringstillegg, eit rikstillegg og eit alderstillegg, og i 1940 dukkar det i tillegg opp noko dei kallar «Ekstra-reguleringstillegg». I 1943 kjem «ymse tillegg til folkeskulelærarar» som tydelegvis også gjeld lærarar i arbeidsskulen. I 1945 finn vi «midlertidige lønnstillegg» og litt seinare «krisetillegg». I 1948 då Berge slutta som lærar ved Jarnarbeidsskulen var han omklassifisert som framhaldsskulelærar og samla årslønn var rekna til kr 6865,-

På kurset hadde det i tillegg til det oppsette programmet vore undervist i bilmotorar og bilkøyring. Kurset hadde tilgang på ein eigen bil for undervisning og øvingskøyring. Mange av elevane lærte å køyre bil. Og mot slutten av kurset var bilen i flittig bruk. Elevane fekk styre med den mykje som dei ville. Om noko i bilen braut saman måtte dei reparere det. Berge reflekterer til slutt om dette: «Det var rart at det gjekk væl, men eg tenkte ″det lyt våge seg″» (G. Berge 1938, 9).



I eit brev til stortingsmann og skuledirektør for Bjørgvin, Markhus, ber Norddal skulestyre om råd for korleis dei skal ordne tilhøvet til Gerhard Berge[21]. Departementet har sett at det var noko uvanleg at heradet skulle gi lånegaranti til Berge for at han kunne starte ein kommunal skule. Samtidig er han tilsett berre for dette kurset (1937-38) på vanlege vilkår for arbeidsskular. Formannen i Norddal skulestyre ber om råd om kva slag kontrakt som kan skrivast mellom Berge og heradet slik at lånegarantien vert godkjent og om det trengst takast særlege omsyn når lærarposten skal utlysast. Saka held fram med eit brev datert 1. august 1938 til skuledirektøren i Bjørgvin. Spørsmålet i dette brevet er om korleis ein skal ordne tilsetjinga av lærar for årets kurs. Sidan Berge eig privat det som trengst av læremiddel på skulen er det vanskeleg å tilsetje nokon annan. Og heradet har heller ikkje noko ønskje om å tilsetje nokon annan. Brevskrivaren ber derfor om løyve til å tilsetje Berge utan utlysing. Men om utlysing trengst så ber ein om utkast til tekst med nødvendige atterhald. I svaret datert 10. august godkjenner skuledirektøren at Berge held fram som lærar utan ny utlysing eller tilsetjing. «Men sjølvsagt er det berre på uppsegjing»[22].

I brev til skulestyreformann Ofstad datert 28. november 1938 foreslår Berge at ein i neste budsjett utvidar skulen til 6 månader (24 veker). Våren og sommaren 1939 er det mange skriv fram og attende mellom Berge, skulestyret, skuledirektøren og departementet som endar med at departementet godkjenner kurset på 24 veker. Dette er full lærarpost. Utdanninga til Berge vert også godkjent slik at han får rikstillegg og skal meldast inn i Statens pensjonskasse[23].

Frå skuleåret 1939-40 er kurset utvida til 24 veker og skulle ha vore avslutta 20. april 1940. Men i årsmeldinga for 1939-40 vert det notert at kurset måtte avsluttast 16. april på grunn av krigsutbrotet 9. april.

Kurset inkluderte 44 timar med bilteknisk teori. Læraren i bilteknisk teori, Ing. O. Fladset, Ålesund, måtte ut i militærteneste halvveges i forelesingane. Berge tok då over dei siste 22 timane av undervisninga. Fem av elevane hadde lært å køyre bil. På tidlegare kurs, 1937-38 og 1938-39, var det 8 elevar som hadde lært å køyre bil. I årsmeldinga for 1938-39 får vi vite at kurset har hatt tilgang til 2 bilar og ein stasjonær eksplosjonsmotor til bruk i undervisninga. Den eine bilen har vore nytta til lærevogn. 19. mai 1939 søkjer Berge om stønad til timelærar i bilteknikk for neste kurs. I sak 7 i skulestyret stør dei søknaden under føresetnad om rikstilskot til lærarlønn. I brev datert 5. juni fortel Berge at han er i Ålesund og har vorte autorisert og tilsett som sjåførlærar der sist i mai 1939[24]. Han skal vere i Ålesund til ut august.

Kurset 39-40 hadde opplevd rasjonering på kol og næringsmiddel. Også årsmeldinga for 1941-42 nemner at matrasjonane var i minste laget. På kurset 40-41 var det 15 elevar. Det vert rapportert at skulearbeidet jamt har vore vanskeleg på grunn av materialmangel. Og i skriv datert 10. juli 1941 ber Berge om færre elevar på grunn av mangelen på mat og materialar. Men det må vere minst 10 elevar på grunn av reglande for statstilskott.

[21] 19380308 brev stMann 20210714_112448.pdf
[22] 19380810 brev til skuledir Bjørgvin med svar 20210714_112008-017.pdf
[23] 19390923 godkjenning av skulen Jnr216-39(16B) P7120302.pdf
[24] 19390605 aalesund sjåførlærar 20210714_111400.pdf

I arkivet etter Berge er det elles fleire spor etter rasjonering[25]. Men stort sett ser det ut til at dei hadde det mest nødvendige av kol og jarn.

På kurset 1941-42 vart støyperiarbeid introdusert som fag. Støyperimester Alf Amundsen vart godkjent som lærar i dette faget for kurset 42-43. Lærar i bilteknisk teori Ing. O. Fladset har også dette året vanskar med å komme. Berge tar undervisninga sjølv[26].

I perioden 41-46 er det jamt over 40 søkjarar på kurset. Men frå 1942-43 til 1946-47 er det berre 10 som får plass.

I skriv av 2. mars 1946 frå fylkesskulestyret vert det klarlagt at lærarar ved arbeidsskular og frivillige framhaldsskular ikkje tilkjem vederlag for bustad sjølv om dei er i full post (24 veker). Det er og slik at arbeidsskular må godkjennast kvart år[27].

Den 11. april 1946 er det eit møte i ei nemnd oppnemnt av heradsstyret for å finne ei meir stabil ordning for Jarnarbeidsskulen. Målet er å finne tomt og greie ut korleis ei skulebygning kan reisast. Ein rår også til at skulen vert utvida til 10 månads kurs med 20 elevar. Det trengs minst 5 mål tomt. Finansiering må undersøkjast med departementet[28].

I brev til skulestyreformannen datert 27. april 1946 kommenterer Berge framtida til skulen. Etter hans vurdering er tomtespørsmålet det som kan vere vanskelegast å løyse i ein jordbrukskommune som Norddal. Han varslar også at han vurderer å finne seg anna arbeid, men er innstilt på å drive skulen eit tiande år[29].

Den 8. november 1946 kom det ny lov om framhaldsskular. Norddal Jarnarbeidsskule kunne da ikkje bli driven etter same plan som før[30]. Skulestyret foreslår at den vert skipa om til ein praktisk framhaldsskule med jarnarbeid som hovudfag. Målet er no å gjere den til ein interkommunal framhaldsskule[31]. I brev datert 21. september 1947 opplyser yrkesopplæringsnemnda i Møre og Romsdal at berre 5 kurssøknadar frå fylket fekk stønad for året 1947-48[32]. Kurs i Norddal kommune er ikkje med på lista. Yrkesopplæringsnemnda i Møre og Romsdal nemner ein mistanke om at departementet går inn for at all ekstraordinær yrkesopplæring skal avviklast og rår til å organisere seg som ein praktisk framhaldsskule. I skriv datert 28. oktober 1947 vert ein førebels plan for jarnarbeidsskulen som interkommunal framhaldsskule godkjent[33]. I møte 13. november vert lokalisering av ny skulebygning i Eidsdal drøfta. Ein rår til at den vert bygd i Langereiten[34]. Men den kortsiktige økonomien til skulen synest usikker. I brev datert 4. november 1947 frå Norddal Sparebank stiller dei

[25] 19440925 brukstillatelse P4261018.pdf, 19441201 rasjonering av importert brensel P4261017 topp.pdf
[26] 19411222 Jarnstøyperiet P7140406.pdf
[27] 19460302 P7140441.pdf
[28] 19460411 yrkesskule i Ytterdal P7120317-0319.pdf
[29] 19460427 P7140400.pdf
[30] 19470707 Frå Norddal skulestyre.pdf
[31] 19470919 P7140452.pdf
[32] 19470921 P7140453.pdf
[33] 19471028 ny plan P7140455.pdf
[34] 19471113 krinsregulering P7120328-0332.pdf

spørsmål ved lånet dei ytte ved starten av skulen. Etter 10 år har det minka frå 2500,- til 2482,95[35].

Den 19. januar 1948 skriv Berge til skulestyret og seier opp stillinga si som lærar ved Norddal Jarnarbeidsskule med verknad frå 1. juli. Han skriv: «Tilhøva ved skulen og framtidsperspektivet er slik at eg finn det ikkje forsvarlegt å take til at fleire år.» Om andre vil halde fram må det skaffast både maskiner og lokale sidan han privat står som eigar av nødvendige maskinar og leigekontrakt på lokala[36]. I eit brev til departementet datert 30. desember 1947 får vi opplyst at «Av maskinelt utstyr har skulen no tri dreiebenkar, tvo boremaskiner, fresemaskin, slipeskiver, vanleg benkeutstyr, smiutstyr, og støyperiutstyr.»[37]. Når Berge slutta måtte dei rimelegvis seljast for å dekke låneopptaket ved starten av skulen.

Ut frå korrespondanse med Peder Rødset, som sidan 29. mars 1946 var formann i det nye styret til Møre Snekker- og tegneskole i Borgund, skjønar vi at det var på tale for Berge å selje utstyret sitt til den nye yrkesskulen[38] dei var i ferd med å etablere frå skuleåret 1948-49, og at han kanskje skulle begynne som lærar her[39]. Slik gjekk det ikkje. Heradsstyret i Borgund gjekk ikkje med på framlegget til avtale med Berge (Ulstein 1978, 64).

Eitt resultat av planen om å flytte til Borgund er gjerne brevet, datert 18. september 1948, han får frå overrettssakfører Arne Lynghjem. Lynghjem skal selje eit gardsbruk i Sykkylven og har høyrt at Gerhard Berge kanskje kan vere interessert[40]. Men da var Berge flytta til Tafjord.

Dermed sluttar soga om Norddal Jarnarbeidsskule etter at elevane ved kurs nr 11 gjorde seg ferdige i april 1948.

## Aktivitetar ved sida av drifta av Norddal Jarnarbeidsskule

Kursa på jarnarbeidsskulen tok til tidleg i oktober og var ferdige i april etter 24 veker. Sjølv om årsrapport og inntak av nye elevar til neste kurs tok noko tid vart det ein lang periode kvart år der det var lite inntektsgjevande arbeid. Kva som skjedde halvåret utan kurs veit ein lite om.

Ut frå rekningar og liknande ser vi at det har vore etablert ein aktivitet for støyperiarbeid. «Gerh. Berge – Ytterdal. Støyperi og Mekanisk Verkstad» står det på kvitteringsblokka[41]. Og på brevpapir datert 7. oktober 1941, står det «Gerh. Berge. Kunstsmie og mekanisk verkstad. Ytterdal»[42]. I skriv frå Prisdirektoratet frå den 16. oktober 1941 får Berge godkjent prisen på klesruller til kr 57,-. Dette viser seg å vere for lite. Det blir bedt om å kunne auke prisen til kr 63,-[43]. Den 15. april 1942, vert det akseptert at prisen på klesrullene kan aukast til kr 60,-[44].

---

35 19471104 Norddal Sparebank P4261088.pdf
36 19480119 Jnr6-48 oppseiing P7120296.pdf
37 19471230 departementet P4261147.pdf
38 1948 nd maskiner til sals P4261154.pdf
39 19471012 Rødset om samarbeid P4261156.pdf, 19471226 Rødset Borgund YS P4261155.pdf; sjå også Ulstein (1978, 40-44))
40 1948 Tilbod gardsbruk.pdf
41 19440620 Kvittering P4250804.pdf
42 19411007 klesrulle brev P4261037.pdf
43 19420223 klesrulle brev II P4261041.pdf

Parallelt med klesrullene vert det søkt om prisgodkjenning for trillebårhjul. Den 14. januar 1942 vert prisen på trillebårhjul av støypejern og med lager godkjent til kr 8,-[45]. Ut frå dette kan ein truleg rekne med at det ikkje har vore stor produksjon i støyperiverksemda før 1942. Ein visst marknad for klesruller var det tydelegvis. I november 1945 kjem det hastebestilling frå Narvik[46]. Men leveringstida er opp mot 6 månader. Om det var godt nok veit ein ikkje. Og ein kan sjå at det i korrespondanse frå 1944 vert bestilt støypegods for donkraft[47].



[44] 19420415 klesrulle svar P4261042.pdf
[45] 19420114 trillebårhjul svar P4261045.pdf, 1941 nd trillebårhjul kalkyle P4261036.pdf
[46] 19451121 klesruller bestilling P4261035.pdf
[47] 19441213 donkraft P4261068.pdf

Kva anna enn klesruller og trillebårhjul som vart laga får vi ein ide om ved å sjå på teikningar som dei nedanfor. Dei liknar vel mest på reklame for kunstsmia.













I tillegg til støyperiproduksjon og kunstsmieprodukt merkar vi oss at  mange av rekneskapsbilaga inneheld ordet «reparasjon» av eitt eller anna. Det var tydelegvis nok å gjere utanom skuletida.

## Organisasjonsarbeid med utgangspunkt i Norddal Jarnarbeidsskule

«Norsk Husflids- og Handverkslærarlag» vart skipa på eit møte 26. august 1934 på Statens Husindustriskule, Haus[48]. Det er tydeleg at krinsen rundt Statens Husindustriskule og Norges Kunsthandverksskule var sentrale i skipinga. Laget starta bladet Yrkeslæraren i 1937 med M. Endal som redaktør. Bladet kom ut med det første nummeret sitt 26. mai 1937. I alt kom det 9 nummer i 1937. Gerhard Berge er ikkje med på medlemslista for laget publisert i Yrkeslæraren nr 16, 13. august 1938, side 63-64. Men i nr 23, 19. november 1938, side 92, ser vi at han har betalt medlemskontingent for 1938-39. Dette er da like etter at han har vorte tilsett som lærar i arbeidsskulen og har starta sitt første kurs.

Norsk Handverkslærarlag vart stifta i februar 1934 med utgangspunkt i Statens Småbrukslærarskule. Alt i 1934 var det samtale mellom Norsk Handverkslærarlag og Norsk Husflids- og Handverkslærarlag om å gå saman. På årsmøtet i Norsk Husflids- og Handverkslærarlag 30. juli 1939 møtte formannen i Norsk Handverkslærarlag for å drøfte dette. Dei fleste av medlemmene i Norsk Handverkslærarlag var no medlemmer av Norsk Husflids- og Handverkslærarlag [49]. Referatet frå møtet nemner ikkje denne saka. Men noterer at «Oppmøtet var sers lite»[50]. Årsmøtet for 1940 måtte avlysast[51]. Tilgjengelege nr av Yrkeslæraren for 1941 (nr 1-9) nemner heller ikkje noko meir om årsmøte i 1941 eller diskusjonar rundt samanslutningar. I ein liten notis i nr 2 1941 om lagsarbeidet er den mest konkrete utsegna eit råd til medlemmene: «Hald saman og hald ut!».[52]

Neste nr av Yrkeslæraren (desember 1946) nemner eit felles styremøte mellom Norsk Husflids- og Handverkslærarlag og Norges Yrkeslærarlag på Hundorp sommaren 1941 der styra vart samde om å slå laga saman. Namnet skulle vere Norges Yrkeslærarlag og Yrkeslæraren skulle vere lagsbladet. Men lenger kom ein ikkje. Vinteren 41-42 gjekk begge laga i «dekning» og ingenting meir skjedde før krigen var over. Sommaren 1945 var det ikkje mogeleg å samlast til eit felles landsmøte[53].

I Yrkeslæraren for desember 1946 finn vi eit referat frå årsmøtet i Norsk Husflids- og Handverkslærarlag 29. juni 1946 i Haus. Den store saka er framleis om dei skal slå seg saman med Norges Yrkeslærarlag. På landsmøtet på Sørumsand sommaren 1945 hadde saka vore drøfta, men utan konklusjon. Det vart protestert mot tilrådinga om samanslåing grunna dårleg oppmøte. Saka måtte takast opp igjen på landsmøtet neste sommar. Men heller ikkje på møtet 29. juni 1946 kjem ein til nokon endeleg konklusjon. Eit framlegg om å halde fram med laget til sommaren 1947 med tanke på samanslutning då, fekk fleirtal. Det gamle styret, som i 1946 gjekk inn for samanslåing med ein gong, sa frå seg attval og Gerhard Berge, Ytterdal, vart valt til ny formann[54]. I korrespondanse med Torvald Helland i 1946 vert det drøfta å starte eit

---

48 Yrkeslæraren, nr 1 januar 1948, side 2. Ved søk i aviser etter «Husflids- og Handverkslærarlag» i <nb.no> finn vi eitt oppslag i Sunnhordland for måndag 27. august 1934 der stiftingsdatoen er gitt som «igår», dvs. søndag 26. august. Det er imidlertid ikkje gitt tilgang til å lese heile artikkelen.
49 Yrkeslæraren, nr 15, 19 august 1939, side 58-59.
50 Yrkeslæraren, nr 16, 2 september 1939, side 62.
51 Yrkeslæraren, nr  9, 10 august 1940, side 56.
52 Yrkeslæraren, nr 2, 8 februar 1941, side 7.
53 Yrkeslæraren, desember 1946, side 1.
54 Yrkeslæraren, desember 1946, side 4-5.

